

Årsmelding for Eldrerådet i Øystre Slidre 2025

Medlem

Anne Berit Bolstad
Liv Heitun Eriksen AP
Magne Egil Mjøs SP
Berit Robøle Hegge (leiar)
Kristian Ekerbakke (nestleiar)

Varamedlem

Anne Nora Alund
Inga Olsen AP
Bente Oxhøvd H
Anne Marie Steinsrud
Magne Skjel

Eldrerådet har hatt sju ordinære møter, eitt av dei saman med Råd for menneske med nedsett funksjonsevne. På dette møtet informerte beredskapskoordinator Arthur Hagen om beredskap i kommunen, og eigenberedskap.

Leiar og Anne Berit Bolstad deltok på regionalmøtet for alle eldreråd i Valdres. Dette i Vestre Slidre 23.januar. Det var fleire interessante foredrag, og ei positiv samling der ein kan utveksle erfaring og høyre kva råda i dei andre kommunane er opptekne av.

Rådet var representert på informasjonsmøte 20.mai der arbeidet med revidering av helse-og omsorgsplanen var presentert. Likeeins vart det orientert om «10 på toppunktet» i økonomiplanen vedrørende «verknad av endra skulestruktur». Arbeidet med utgreiinga vil starte i 2026.

Leiar møtte på dialogmøtet for kommunestyret 4.september. Der vart stoda i dei ulike kommunale sektorane presentert. Tillitsvalde i aktuelle forbund i kommunen held sine innlegg.

Rådet har hatt høyringsutkast frå «Postutvalget» til gjennomlesing og kome med innspel i saka.

I årsmelding for 2024 skriv vi om planar om å arrangere kurs i digital opplæring. Leiar fekk gjennom samarbeid med frivilligsentralen kartlagt behovet for slik opplæring blant dei eldre som deltek i ulike aktivitetar.

Dette resulterte i gjennomføring av seks kursdagar over seks veker, kvar på tre timar i mars/april. Åtte deltakarar med instruksjon av Gunvor Hegge og Anne Marte Hesjadalen deltok. Tre av oss i eldrerådet stilte opp på skift med bevertning i pause midt i økta.

Sparebank 1 Valdres Hallingdal stilte opp ein av dagane med to av sine tilsette. Dei informerte om dei ulike banktenestene som telebank, brevgiro og mobilbank, samt bankID. Møtet var opent for alle, og mange fekk hjelp med sine ulike utfordringar i høve til banktenester.

Tilsvarande kurs i digital opplæring vart arrangert i oktober/november, men utan Sparebank1.

Både kursa opplevdes å vera vellykka for både deltakarar og arrangørar.

Helse-og omsorgsplan vart revidert dette året. Vi i eldrerådet kom med innspel til denne.

Av leiaren i Pensjonistlaget vart vi informert om skriv frå Digitalisering direktoratet om mogleg økonomisk tilskot til digitalopplæring for innbyggjarane. Kommunen som søkjar måtte ha eit budsjett på minst kr 100 000,- , så dette fall bort i denne omgang.

Rådet har fått informasjon frå dei ulike tenesteleiarane Gina Kvåle Myreng, Ingrid Nordli og Thora Ranum Nyhagen om deira arbeid innan institusjon, heimeteneste og som demenskontakt.

Tenesteleiar for helse og tilrettelagte tenester, Per Bo Svensson har orientert oss om planane for nytt helsehus/kjøp av 2.etg i Coop-bygget til dette formålet.

Regional koordinator for helseteknologi i Valdres , Henning Engen Andersen har orientert oss om digitale hjelpemiddel i eldreomsorga.

Eldredagen 2025 vart markert med tilstelling på Helsetunet 1.oktober i samarbeid med tilsette der og Pensjonistlaget. Det var musikk ved våre trufaste spelemenn Torgeir Onstad, Torleif Baldersheim og Egil Engen. Dans og song, tale av ordføraren, informasjon om ulike tilbod i kommunen, servering av lapskaus, blautkake og kaffe, samt gratis utlodning av sponsa gevinstar. Vel 70 personar møtte.

Kommunedirektør Jostein Aanestad har orientert oss om budsjett og økonomiplan i oktobermøtet. Vi kom med innspel til denne i innan høyringsfristen.

Elles har Magne Mjøs orientert oss om aktuelle saker frå kommunestyret gjennom året.

Rådet får med jamne mellomrom invitasjon til ulike webinar, digitale eldre kafé og liknande frå «Senteret for et aldersvenlig Norge». Vi har i eldrerådet drøfta kva vi skal delta på, og blitt einige om at vi held oss til arrangement i regi av kommunen, region Valdres og Fylkeskommunen.

I august samla rådet seg til ein stølstur austa Vinstre. Kristian Ekerbakke kjørde og guida oss gjennom støslaga og til grensa mot dølane. Ein triveleg mimretur der vi levde oppatt minna som vi og mange eldre i dag deler.

Vi takkar for positivt samarbeid med administrasjonen og staben på Tingvang og Helsetunet. Og ein spesiell takk til sekretæren vår Målfrid Robøle for all god bistand og godt samarbeid.

Heggenes 5.februar 2026


Leiar

Berit Robøle-Hegge